



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Tom N. Pedersen, 55572119  
Magnus Johan Steinsvåg, 55572325

Vår dato  
30.10.2017  
Dykkar dato  
28.09.2017

Vår referanse  
2014/8463 421.3  
Dykkar referanse  
17/19090

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Uttale til oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema for Meland kommune

Vi viser til brev av 28.09.2017 med melding oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema. I arbeid med rulleringa for gjeldande arealplan var det areal til bustader og næring på land som hadde særleg fokus.

Kommuneplanen skal no rullerast på fylgjande tema:

- Areal for havbruksnæring på land og vatn, samt areal for djupvasskai
- Areal for gjenbruksmassar (diverse typar jord og stein) i kommunen
- Reiselivsrelatert næringsutvikling, til dømes Meland golf
- Vurdere område for ny barneskule i område Frekhaug - Dalstø
- Sambandet Vest AS sitt val av vegløyningar over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområde og rasteplassar

#### Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen meiner det er bra at det vert arbeid med utfordringar ved å rullere kommuneplanen på nokre tema. Vi tenkjer særleg på areal til gjenbruksmassar, vurdering av område for ny barneskule og areal for parkering til attraktive turområde og rasteplassar. Vi har ingen særskilde merknadar til desse tema. Vi har derimot nokre innspel til nokre av dei andre tema som skal rullerast.

#### Areal for havbruksnæring på land og vatn

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at kommunen no skal vurdere areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, men sidan det ikkje var fokus på sjøområda ved den siste rulleringa av kommuneplanen vil vi oppfordre kommunen til å vurdere sjøområda i kommuneplanen også for andre tema enn havbruk.

Vi vil også primært rå kommunen til å vente eller eventuelt samkøyre prosessen med arbeidet med ein interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. Fylkesmannen i Hordaland har gitt støtte til arbeid med denne planen og vi meiner at den er svært viktig. Om kommunen ser bort frå dette, vil vi presisere at for å kunne vurdere verknadane av og potensialet for havbruksnæring må planen baser seg på samla kunnskap for heile fjordsystemet, også utanfor arealet som ligg i Meland kommune. Tema som forureining, naturmangfald, vandringsruter til anadrom fisk og friluftsliv er særleg aktuelle. Vi viser her til plan- og bygningsloven (pbl)

kapittel 4 og naturmangfaldlova §§ 7 og 8-12 og tilhøyrande kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks (2013).

Vi vil også vise til at Byfjorden og tilhøyrande fjordsystem har blitt overvaka i fleire tiår. UNI Research har nyleg dokumentert utviklinga og det har skjedd ei auke tilførsler av næringsstoff til fjordane, særleg dei siste 20 åra. Dei mest konkrete endringane går på temperatúrauke og nedgang i oksygenmetning. Det skjer og endringar i botndyrfauna, med både fleire artar og fleire individ. Hardføre og forureiningstolerante artar har aukande dominans. Endringane blir forklart med både klimaendringar og påverknad frå menneskeleg aktivitet ved auke i utsleppa. Endring i miljøtilstand er meir markert i forlenginga av Byfjorden i Sørfjorden inn mot Vaksdal kommune. Dette er eit fjordområde med stor oppdrettsaktivitet.

Kommunane rundt Byfjorden og tilhøyrande fjordar har investert og skal investere i reinseanlegg for kommunale avløp. Det skal byggast reinseanlegg for fjerning av nærings salt og organisk materiale frå avlaupsvatnet. Dette blir gjort for å sikre best mogleg vasskvalitet og miljøtilstand i fjorden.

Det vil vere eit mål å redusere utsleppa av organisk materiale til dette fjordsystemet. Fiskeoppdrett har store utslepp av organisk materiale. Om ein skal samanlikne utslepp frå fiskeoppdrett med avlaupsanlegg, kan ein grovt sett nytte ei enkel omrekning ved å rekne at 1 PE (personequivivalent) svarar til produksjon av 100 kg fisk (1 tonn fisk = 10 PE) når det ikkje er reinsing.

#### Landsvik

Kommunen ønskjer å vurdere om eit område ved Landsvik er eigna til sjøbruksrelatert næring i sjø og på land. Dette området på land vart fremma som næringsareal N13 og N14 ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen vurderte då at planformålet var i strid med nasjonale føringar for bustad, areal og transportplanlegging (SPR-BATP), strandsoner, landskap og landbruk. I dialog med kommunen vart det semje om at kommunen stod fritt til å gje signal om at ein vil sikre ei tenleg framtidig utvikling i området, men at området skulle visast som LNF. Dagens kommuneplan viser òg området som LNF, med krav om infrastruktur.

Fylkesmannen meiner at dersom ein no ønskjer å gå vidare med planlegginga i området, sjølv om infrastrukturspørsmålet ikkje er avklara, må kommunen spesielt vurdere området i lys av SPR-BATP, men også strandsoner, landskap, landbruk, naturmangfald og friluftsliv må vere viktige utgreiingstema. Det er i dag ikkje gjennomført kartlegging av naturmangfald i planområdet, og ut frå kartet ser vi at store delar av arealet er myr. Noreg har eit særleg forvaltingsansvar for førekomstar av myr ettersom denne naturtypen er drenert og øydelagt i store delar av Europa. Det er derfor viktig at det vert gjort kartlegging av naturmangfald dersom det vert aktuelt med vidare planprosess. Vi minner også om at kommunen må vurdere alternative plasseringa jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

#### Sambandet Vest AS sitt val av vegløyseringar over Meland

Vegsambandet Sambandet Vest AS skal binde saman Sotra, Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy og Austrheim. Det er gjort ei konseptvurdering over ulike trasear og lagt fram ei tilråding for val av trase over Meland. Kommunen ynskjer no å sikra areal til dette i arealdelen av kommuneplanen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette vegsambandet ligg inne i verken regional eller nasjonal transportplan. Finansieringa av prosjektet er slik sett svært usikkert. Vi stiller også spørsmål ved om kostanden veg opp for nytta i denne saka.

Vi vil òg gjere kommunen merksam på at om ein slik korridor skal sikrast, så krev det omfattande kartlegging og utgreiing av desse områda. Planprogrammet legg opp til at det skal gjerast særlege vurderingar på konsekvensar for næringsutvikling, naturtypar og kulturlandskap. Fylkesmannen si vurdering er at det også er naudsynt å ha fokus på landbruk, naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Fylkesmannen meiner at kommunen må vurdere planen etter dei statlege planretningslinjene for bustad-, areal- og transportplanlegging. I følge dei statlege retningslinjene skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utviklinga av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Det er her viktig å ikkje berre sjå på Meland isolert, men korleis eit slikt vegsamband vil påverke eksisterande vegnett i kommunane, trafikkmønster, busetnad og næringsliv i relevante område i nabokommunane.

Vegsambandet legg opp til auka tungtransport på vegstrekninga. Fylkesmannen meiner at det også må vurderast korleis folkehelse og barn og unge vert påverka av tiltaket. Vi tenker spesielt på at det ser ut til at vegen skal gå igjennom Vikebø/ Rossland området med relativ tett busetnad.

Fylkesmannen vil primært rå ifrå at kommunen legg for mykje arbeid i dette på noverande tidspunkt. Om kommunen ynskjer å sikre ein korridor til dette sambandet kan korridoren ligge som LNF-formål i kommuneplanen. Om kommune vil leggje korridoren som framtidig veg vil det krevje omfattande kartleggingsarbeid innanfor fleire tema.

#### Reiselivsrelatert næringsutvikling, til dømes Meland golf

Fylkesmannen er positiv til at Meland ynskjer å satse på reiserelatert næringsutvikling. Når det gjeld utviklinga av Meland golf, ser vi det som særskild viktig at tema som strandsone og bustad, areal og transportplanlegging vert vurdert grundig.

#### Medverknad

Planprogrammet er lite konkret på korleis kommunen skal sikre medverknad. Fylkesmannen vil derfor peike på at alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan kommunen hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen, dersom det er ønskjeleg, for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønsker lykke til videre med planarbeidet!

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*